

ÅRSMELDING FOR 2018

Styret har i 2018 vert satt sammen av følgende:	Leiar	Beathe Andersen
	Nestleiar	Rune Kristoffersen
	Kasserer/skriver	Kari Hopland v. d. Kooij
	Styremedlem	Jarle Sleire
	Styremedlem	Knut Einar Moldekleiv
	Styremedlem	Jan Tore Johannessen
	Styremedlem	Linda Langenes
	Varamedlem	Erle Hannisdal Sleire

Ungdomslaget hadde i 2018 134 medlemmer fordelt på 91 voksne og 43 barn. Dette er ein stor nedgang fra 2017. Her må me i styret sette oss ned og sjå på kva verkemidler me kan ta i bruk for å få opp igjen medlemsmassen.

Styret har hatt 10 styremøter og det har vert avholdt 1 årsmøte i 2018.

Disse aktivitetene har vert i 2018:

Strikkeklubb	annakvar onsdag
Fritidsklubb	ein gang i måneden. Tirsdag for 1-4 kl og fredag for 5-7/8-10kl
Basar	11.03
Vårfest	07.04
17.mai ved kirka	17.05
Sankthansfeiring	23.06
Kystsogedagane på Knappen	25 - 26.08
Oktoberfest	20.10
Haustmesse / Bingo	27 - 28.10

BASAR

Basaren er eit flott arr med alltid mange fine gevinster og godt oppmøte.

Basaren i 2018 fekk inn 30472 kr. Dette er penger som kjem vel med i drifta av laget når me ønsker å oppgradere noko eller treng noko. Inntekta er noko større men litt av pengane vert sett av til å stella i stand ny basar.

HAUSTMESSE / BINGO

I 2018 prøvde strikkeklubben på nytt å arrangere messe og bingo same helga. Det var noko variert resultat denne gongen og. Nokon fekk solgt, medan andre ikkje. Siden det kun var satt av lørdagen til messa, virka det som om besøkstallet vart større enn året før.

Søndagen vart avslutta med ein bingo. Det vart det eit flott resultat etter helga på 9725 kr. Dette er penger som går direkte til laget da alle gevinster er gitt av det lokale næringslivet.

FRITIDSKLUBBEN

Dei minste er som regel ca 50 barn kvar gang. For dei krev det ein god gjeng med vaksne som blir med. Så her er det berre å melde seg og bli med for at barna skal få oppleve noko «anna» i kvardagen av og til. Barna har som regel med seg 50,- , noko som vi har anbefalt. Vi ser at dei synes det er kjekt å kunne få lov til å kjøpe seg noko. 7 klassingar er gjerne med her for å bidra i kiosken eller med musikken.

Dei eldste klarer seg stor sett sjølv. Kjøpspress i kiosken er det ikkje. Dei ønsker berre ein plass til å samlast og ingen spesielle aktiviteter. Likevel prøver me å følge med i tiden, så derfor har vi invistert i tv og playstation som vi har tilgjengelig. Vi tilbyr dei å kunne delta på andre aktiviteter og, men dette er meir valgfritt. Her er det da mindre voksne. Gjerne to til å holde vakt og ein til kiosken. 8 – 10 kl har nesten ikkje hatt besøkande. Her har vi bestemt oss for å legge ned denne ei stund, da vi ser at vi ikkje klarer å få dei til å komme. Vi har heller som plan å prøva å stelle i stand

andre aktiviteter for dei som dei kan melde seg på. Kode klubb for eksempel.

STRIKKEKLUBB

Her samles det seg ein fin gjeng på mellom 5 - 10 damer annakvar onsdag. Dei har med seg forskjellige handarbeid eller kjem berre for å skravle. Det er også denne gruppa som står for mykje av arbeidet med å stelle i stand basar, messe og bingo. Her er det alltid plass til fleire medlemmer.

Følg SKRAVLE KLUBBEN på facebook for meir informasjon.

SANKTHANSFEIRING

Laget inviterte i år igjen til feiring med båltenning, lotteri, kiosk med sal av is, brus og svele. Folk hadde medbrakt mat som me grilla på store tønnegriller. Me dekkja langbord inne i salen og i to telt ute på plassen, da været som alltid var litt varierende. Stort bål fekk me til nede ved vegen. Ca 80 små og store var med denne ettermiddagen og det var bra da været var litt ustabil.

KYSTSOGEDAGANE

Siste helga i august 2018 var det på ny tid for arr på knappen. Komiteen kom i havn med arr på ein flott måte. Stort og variert program og ca 1500 besøkande må seiast å vera eit godt resultat.

JULEBORDSESONGEN

Det er som alltid populært å leiga huset for arr som julebord. Her tilbyr me jo å koma til duk og dekkja bord med mat inkudert i ein kuvertpris. Nokon skulle nok ønska at me hadde fleire ledige helger til å kunne ta i mot leiger på. Veldig kjekt at enkelte kjem att år etter år.

Juletreffesten vart dessverre avlyst da det var for få som meldte seg på arrangementet. Dette var veldig dumt, men vi prøver igjen med å ha det rett etter nyttår denne gangen også. I tillegg skal me prøva å sende ut informasjonen bedre på forhånd via ranselpost på skulen.

HUSET/EIGEDOM

I 2018 var huset brukt 99 ganger. Noko som tilsvarer ca 2 ganger iløpet av ei veke. Det er flott og sjå at huset er ofte i bruk og folk leiger det til alle typer anledninger. Vil og gjerne ta med at 8 ganger har me invitert og vist fotballkamper på storskjerm i huset. Dette til stor begeistring for sore og små.

Me hadde oss eit lite mål om å fa til å male ein eller to vegger på huset dette året. Både været og andre oppgaver for styrets medlemmer gjorde at dette ikkje vart noko av.

17.MAI

Ungdomslaget hadde ansvar for arr ved kirka dette året. Salget vart så som så grunnet dårlig kommunikasjon på forhånd. Me hadde med oss for lite til salget. Pga dårlig vær og lite salg sist me hadde arr i 2015, kunne me ikkje bruke dei talla. Da tok me kontakt med Ungdomslaget på Grasdal som hadde arr i 2017 og fekk deira innkjøpsliste. Dette var vårt utgangspunkt, men sjølv om me justerte den lista opp, vart det for lite. Her har vi bedt både Varden og Solglytt om at vidare må me samarbeide bedre om kva som går dei forskjellige åra, for å kunne stilla best mulig rusta til denne dagen. Antall folk, frys, bord osv. var godt innenfor. Det er ønskjeleg at kommunen er bedre forberedt når det gjelder nok straum. Dette er noko som går igjen kvart år. Ellers fekk me skryt for arr og pyntinga av leiar i den kommunale 17mai komiteen, som meina at arr ikkje var hindre sjølv om salgsboden gjekk tom.

OPPSUMMERING

2018 har vert eit år fullt av leiger til alle typer arr. Bryllup, minnesamvær etter begravelse, konfirmasjon, julebord, bygdefest osv. Me ser som alltid at responsen på ting svinger. Dette er noko vi veit om og stadig jobber med for at arr skal virke attraktive og folk skal få lyst til å vera med. Informasjonen må gjerne ut på mange forskjellige plan slik at folk får det med seg. For å holde liv i aktiviteter, er vi avhengig av bygdas innbyggere. At dei stiller opp og blir med, er viktig for at det blir noko av dei planlagte arr. Juletreffesten er spesielt noko me skal få på plass igjen. I tillegg er me

avhengig av dei økonomiske støtta me kan få, slik at me gjerne kan la arr gå sin gang, sjølv om da økonomiske resultatet uteblir. I året som har gått har ungdomslaget betalt mykje ned på lån, i tillegg kjem dyre poster på regnskapet som straum, forsikring, kom. avgifter, reinhold og generell vedlikehold. Dette er poster me som eget lagshus må betale sjølv mens dei lag som nytter kommunale bygg, slepp.

Me er og heldige og får ta del i grasrotandelen fra Norsk Tipping så husk på oss når de tipper.

ME ØNSKER Å SENDE ÅRSMELDINGEN UT PR EPOST. SEND DIN OG MERK DEN MED NAVN PÅ MEDLEMET TIL kari.hopland.kh@gmail.com SÅ FÅR VI LAGA OSS EIT REGISTER PÅ DET.